

Fleire kan få bustønad frå 1. juli

Bustønad er ei statleg økonomisk stønadsordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt. Nye reglar gjer at mange fleire vil ha rett til bustønad frå 1. juli i år. Bustønad er ein rett ein har, på linje med trygd, og det er enkelt og ubyråkratisk å søkje. Husbanken forvaltar ordninga, men det er kommunen som tek imot og handsamar søknadene.

Kven kan få bustønad?

Har du høge buutgifter og låg inntekt, kan du kvalifisere for bustønad. Alle over 18 år kan få stønad, med unntak av studentar utan barn og militære. Desse har egne ordningar.

Bustaden du søker bustønad for, må vere ein godkjent heilårsbustad. I tillegg må det være ein sjølvstendig bustad med bad/toalett, kjøkkenfunksjon og eigen inngang. Viss du leiger eit rom i ein annan sin bustad, kvalifiserer du altså ikkje for bustønad.

Storleiken på bustønaden er tilpassa dei reelle utgiftene og inntektene i husstanden. Stønaden aukar når utgiftene aukar og blir redusert når inntektene aukar, men det er ei nedre og ei øvre grense for kor mykje stønad du kan få. Du må betale ein del av buutgiftene sjølv. Storleiken på denne eigendelen er avhengig av husstanden si samla inntekt. I buutgiftene inngår blant anna husleige, fellesutgifter i burettslag, renter, avdrag og vanlige gebyr på bustadlån i tillegg til ein del andre utgifter for dei som bur i einebustad.

Behovsprøving

Bustønaden er behovsprøvd, og det er skattbar inntekt frå siste tilgjengelege likning som blir lagt til grunn. Frå 1. juli aukar både grensene for kor mykje ein kan tene, og maksimalt beløp ein kan få utbetalt. Alle som har låg inntekt og høge buutgifter bør derfor ta kontakt med.....(bustad-/servicekontoret/etc. i kommunen..... for å høyre om ein kan ha rett til bustønad.

Søknad

Bustønadsskjema finn du ved kommunen sitt servicekontor.

Du når oss du på telefon 70258800

Søknad med dokumentasjon sender du til Norddal kommune v/serviceforretning 6210 Valldal. Merk konvolutten "Bustønad".

Første søknadsfrist etter dei nye reglane er 14. juli. Deretter er søknadsfristen den 14. i kvar måned. Bustønad blir utbetalt ca. den 10. i kvar måned.

Du finner meir informasjon om bustønad på nettsidene til Husbanken, husbanken.no. Der kan du òg laste ned søknadsskjema.